



FYLKESMANNEN I AUST-AGDER

Landbruksavdelingen

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 Oslo

Dykkar ref.
201100441

Vår ref. (må givast opp ved svar)
Sak nr. 2011/2058 / KJS

Dato
07.07.2011

HØRINGSSVAR – FORSKRIFT OM ERSTATNING VED KLIMABETINGEDE SKADER I PLANTE- OG HONNINGPRODUKSJON

Fylkesmannen i Aust-Agder støttar departementet og SLF sitt arbeid med revisjon av klimaerstatningsordningane.

Me føresler endringar på to punkt i departementet si forskrift, begge gjeld § 6. Egenrisiko, minsteutbetaling og toppavgrensning.

1. Eigenrisiko i ordninga for erstatning for tap av bifolk: Departementet føresler 30 % som i ordninga for avlingssvikt og svikt i honningproduksjon. Me meiner at det er skilnad på å mista produksjon og å mista produksjonsapparatet. Tap av bifolk kan samanliknast meir med vinterskade på eng enn med avlingssvikt og honningsvikt. Difor bør departementet i dette tilfellet harmonisera tap av bifolk med erstatning for vinterskade på eng. 20 % tap er dramatisk nok for ein birøktar.

Fylkesmannen i Aust-Agder føresler **eigenrisiko på 20 % av innvintra bifolk/kubar.**

2. Minsteutbetaling: Depatementet føresler 5000 kroner. Me meiner at dette gir ein dobbel eigenrisiko for små føretak og straffar desse urimeleg. Det gir lite innsparing av administrasjon å setja summen høgt fordi me uansett må behandla sakene. Få søkjarar, iallfall innan den største vekstgruppa, grovfôr, har innsyn i kva erstatninga kan bli. Ei høg minsteutbetaling stoppar dei difor ikkje i å senda søknaden og arbeidet med saksbehandling blir ikkje redusert.

Fylkesmannen i Aust-Agder føresler **minsteutbetaling på 1000 kroner.**

Med helsing

Leif Løhaugen
landbruksdirektør

Brevet er elektronisk godkjent og sendast utan underskrift.
Saksbehandlar: Kjellfrid StraumeKjellfrid Straume